

Retningslinjer for kunstnarpraksis, gjeldande f.o.m. 15.06.2023

1 års prøveprosjekt med ambisjonar om utviding til permanent ordning.

1. Formål

Ålesund bibliotek, Ytre kunstfagskole og Aggregat Kunstnarfelleskap samarbeider om kunstnarpraksis for nyetablerte kunstnarar i Ålesund bibliotek. Formålet er å støtte nye kunstnarar gjennom å tilby ein vederlagsfri arbeidsplass, stimulere til utvikling av kunstnarmiljøet i Ålesund, samtidig med at den visuelle kunsten blir inkludert i biblioteket.

2. Verkeområde

Ålesund bibliotek disponerer ein atelierplass som blir tildelt ein kunstnar i etableringsfasen i tråd med retningslinjene under her.

3. Tildelingsutvalet

Tildelingane vert gjort av eit utval som består av rektor ved Ytre kunstfagskole, dagleg leiar ved Aggregat Kunstnarfelleskap og to representantar for Ålesund bibliotek.

4. Tildelingskriterium:

Atelierplass tildelast visuelle kunstnarar i etableringsfasen. Etableringsfasen reknast som dei første fem åra etter avslutta studiar eller anna form for skoloring. Nedre aldersgrense er 18 år, men det er inga øvre aldersgrense for kunstnarane. Det er ønskeleg at kunstnarar som får tildelt plass har kunstfagleg utdanning i botnen (t.d. fagskule), men ei samla vurdering av kompetanse, motivasjon og aktivitetsnivå kan også gjerast.

Alle er velkomen til å søke, uavhengig av kor dei bur.

Ved tildelingar over tid skal tildelingsutvalet ha eit ekstra fokus på mangfald i val av kunstnar og kunstnarisk uttrykk.

5. Inngåing av avtale

Den utvalde kunstnaren får tilbod om praktikantavtale ved Ålesund Bibliotek som set opp atelierkontrakt med kunstnaren.

Arrangementsansvarleg ved biblioteket er kunstpraktikantens kontaktperson.

6. Kunngjering

Ledige studio kunngjerast ved utlysing på bibliotekets nettside/ Ytre kunstfagskole si nettside og/eller andre medium. Ved utlysing av ledige studio skal det framkomme kor studioet er lokalisert, kva storleik det har, kva fasilitetar som er tilgjengeleg, tidsperioden for atelieropphaldet, krav til innhald i søknad, adressat for søknaden og søknadsfrist.

7. Krav til aktivitet

Det stillast fylgjande krav til kunstnarane som får tildelt atelier i biblioteket:

- a. Kunstnar skal ha ei visning av sin kunst minst ein gong i løpet av året. Visninga skal vere i bibliotekets lokale og kan ha den form som kunstnaren meiner tener verk og formidling.

- b. Kunstnaren har ope atelier ein gong pr år. Då skal atelieret vere ope for publikum. Tidspunkt og rammene rundt avklarast i god tid med bibliotekets kunstansvarlege.
- c. Kunstnar bør halde ein workshop i løpet av året, der kunstnaren sjølv kan bestemme innhald og målgruppe, i samarbeid og under rettleiing av arrangementsansvarleg.
- d. Kunstnar må fylje generelle reglar for bruk av bibliotekets og kommunens lokale.
- e. Atelieret skal berre brukast til kunstnarisk produksjon og eventuell framvising av kunst.
Atelieret skal ikkje kunne brukas som lager eller stå utan aktiv bruk i lengre periodar.
- f. Ved fråvær frå atelieret i meir enn to månadar skal det gis ei skriftleg orientering til biblioteket ved arrangementsansvarleg om grunnen til fråværet.

8. Generelle punkt:

- a. Atelierplass tildelast for 12 månader, med moglegheit for oppseiing. Søknadsfrist er 1.august og atelieret er innflyttingsklart 1.september.*
- b. Atelieropphaldet varer i 12 månader frå innflytting.*
- c. Atelieret er vederlagsfritt.
- d. Aggregat Kunstnarfellesskap (i Nedre strandgate 9b) vil stille fellesverkstaden og sitt utstyr til rådighet for kunstpraktikanten to veker per år.
- e. Kunstpraktikanten får tilbod om å delta på Ytre kunstfagskule sin profesjonaliseringsmodul (3 veker).

* Dette er eit prøveprosjekt som går over eitt år. Om kunstpraktikantordninga blir permanent skal atelierplassen kunne tildelast for inntil 24 månadar.

9. Oppseiing av atelier

Atelieret skal brukast som skildra i tildelingskriteria. Det er brot på avtalen dersom atelieret ikkje brukast i tråd med retningslinjene, og dette gir grunnlag for oppseiing. Dersom ein kunstnar av ulike grunnar må trekke seg ut av avtalen skal oppseiing leverast skriftleg til arrangementsansvarleg 1 måned før utflytting.